

Kjære medlemmar,

27.06.2024

Sommarferien står for døra og det tid for ei oppdatering på alt som skjer i faggruppa vår.

Vi er veldig glade for at vi har vorte innkalt til eit møte med Helsedirektoratet 29. august, etter at vi i vår tok initiativ til eit felles skriv til Helsedirektoratet frå barnelegeforeningen, allmennlegeforeningen og landsforeningen for helsesykepleiere. Vi tok kontakt med bekymring for alle tilbud om behandling og tiltak for barn for tilstandar som ville gått over av seg sjøl eller med lågterskel veiledning og oppfølging frå helsestasjonen. Vi ønsker drahjelp frå Helsedirektoratet til korleis den offentlege helsetjenesten skal nå fram med kunnskapbasert informasjon i jungelen av tilbud med lovnad om quick fix på svakt kunnskapsgrunnlag. Ta kontakt om du har innspel vi kan ta med i møtet!

6.-7. juni var det første fagmøtet i NASKO (Nasjonalt kompetansemiljø for helsestasjon og skolehelsetjenesten). Vi er fornøgde med at fysioterapeuten har ein naturleg plass i fagmiljøet, ved at fysioterapeut Marte Morken Høyland er ansatt som rådgiver i 20% stilling og Kirsti Riiser som forsker i 20% stilling. Faggruppeleder var invitert til å delta i sofadiolog om forventningar til det nye kompetansemiljøet, her kan du lese meir om kva vi spelte inn: <https://aktuelt.fysio.no/nasko-nytt-kompetansemiljø%C3%B8-for-helsestasjoner-og-skolehelsetjenesten-arrangerte-fagseminar> Til neste fagdag håper vi langt fleire fysioterapeutar deltar- her må vi vere aktivt tilstades når vi blir inviterte med! Meld deg på NASKO sitt nyheitsbrev: [Nasjonalt kompetansemiljø for helsestasjons- og skolehelsetjenesten - FHI](#) Dei lyser no også ut stipendiatstilling: [Ph.d. stipendiater til Nasjonalt kompetansemiljø for helsestasjons- og skolehelsetjenesten \(NASKO\) | FINN.no](#)

Helsedirektoratet har utgitt ein bemanningskalkulator for ungdomsskolen: Ta den i bruk for å få fram iallefall minstekravet til fysioterapeut i ungdomsskolen! Den er enkel å bruke, som du kan sjå av opptak av webinarret som er tilgjengeleg her: [Ny digital kalkulator for å beregne bemanningsbehov i skolehelsetjenesten på ungdomsskolen - Helsedirektoratet](#)

Helsedirektoratet har eit nytt nyheitsbrev som du kan melde deg på her: <https://pub.dialogapi.no/s/MjM1OTg6YWZkNGNkMDAtNzYxOC00ZGJkLTgzNzYtM2Y5MwVjMDExOwRm>

På NFF sin kurskalender vil du sjå at det er stor aktivitet under barne- og ungdomsfysioterapi:

<https://norskfysiokurs.docebosaas.com/learn/external-ecommerce;view=none;redirectURL=?ctldoc-catalog-0=se-%22barn%20og%20unge%22>

Siste sjanse for dagskurs i kartleggingsverktøyet **NUBU** i regi av BUF på ei stund går av stabelen i Bergen 27.09.2024, så meld deg på! Vi har nettopp lagt ut fire halvdagskurs i kartleggingsverktøyet **HINE**, på Lillehammer 18.10.24 og i Oslo 25.10.24.


Det er fortsatt fleire ledige plassar på kurset **Fysioterapi til barn og ungdom med respirasjonsproblematikk** i Oslo frå 25.09.24. Ekspert Brit Hov, som nettopp har nettopp disputert med “Mechanical assisted cough in children with neurodisability” er kursleder saman med Michelle Larsen, tidligere kursleder for sykehuskurset vårt. Dette kurset har fått ny tittel og studieplan, for å presisere at dette kurset er for alt som omhandler respirasjonsproblematikk hos barn og unge.

Det også fleire ledige plassar på kurset **Møt meg, Støtt meg. Barns psykososiale utvikling 0-6 år og fysioterapi** som blir arrangert på Hamar frå 30.10.24- 01.11.24. Tordis Ustad er erfaren kursleder saman med ny kursleder Tonje Thon som er spesialist i barnefysioterapi, med master i klinisk nevrologisk fysioterapi og vidareutdanning i “Samspill og tilknytning mellom barn og nære omsorgspersoner”.

Vi minner vi om at faggruppa har kr. 35 000 som skal fordelast til dei som søker om stipend innan 1. november, så husk at du som medlem kan få støtte til dekning av kursavgifta!

Tilslutt vil vi gratulere barnefysioterapeut Jannike Rieber med Kongens fortjenstmedalje for sitt mangeårige engasjement for barn med funksjonsnedsettingar, foreldre og omsorgspersonane. Det er til inspirasjon for oss alle som arbeider med denne målgruppa.

Vi ønsker alle ein riktig god sommar! Og, nøy ikkje med å ta kontakt med faggruppa på [barneogungdom@fysio.no](mailto:barneogungdom@fysio.no)



På vegne av styret,

Ingunn Skogseth-Stevens, Leder i faggruppen for barne- og ungdomsfysioterapi